



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Merete Farstad
Telefon: 57 65 51 56
E-post: mf@fmsf.no

Vår dato
11.02.2009
Dykkar dato
30.12.2008

Vår referanse
2009/12 - 542.0
Dykkar referanse

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo

Høyringssvar - forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn 2009

Vi viser til oversending dagsett 30.12.2008 med forslag til forskrift om tildeling av nye løyve for laksefisk i 2009.

I forslaget skal det tildelast fem nye løyve i Sogn og Fjordane, eventuelt med tillegg av eitt eller fleire av inntil fem økologiske løyve som kan tildelast i heile landet.

I fylket er det frå før 84 ordinære matfiskløyve for laksefisk, og eitt stamfiskløyve. Ein auke på fem eller fleire løyve utgjer ein auke på ca 6 % eller meir for produksjonen av laksefisk i fylket. Auka produksjon medfører auka smittepress av lakselus for utvandrande laksesmolt og for sjøauren. Framleis er det eit betydeleg problem med stor andel rømt oppdrettsfisk. Situasjonen for villfisen i fylket er sterkt varierande, men er nokre stader kritisk der lakselus og rømt oppdrettsfisk er ein del av trusselbiletet.

Luseintensiteten varierer mellom år og mellom regionar og smittepresset er no rekna for å vere lågare enn på 1990-talet. Likevel viser nye undersøkingar at utvandrande laksesmolt og sjøaure framleis kan møte på eit altfor høgt infeksjonstrykk av lakselus t.d. ble det gjennom garnfiske i 2007 i Sognefjorden påvist eit betydeleg infeksjonsnivå av lakselus utanfor grensa til den nasjonale laksefjorden.

(<http://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/rapport/2008/377.pdf>).

Rømt oppdrettsfisk utgjer eit til dels betydelig problem for fleire villaksbestandar i Sogn og Fjordane. Tal rømt fisk påvist i vassdraga har dei siste åra vist ein fallande tendens, men auka igjen i 2007. Andelen rømt oppdrettsfisk i sportsfiskerfangstane var i 2007 i gjennomsnitt på 15,8 %. I einskildbestandar kan prosentdelen vere mykje høgare, 20-30 % rømt oppdrettsslaks i vassdraga er ikkje uvanleg å finne. Verst stilt ser den nasjonale laksebestanden i Vikja til å vere som over år har hatt ein høg stabil andel rømd laks, men med ein kraftig auke i 2006 og 2007, til høvesvis 46 og 58 % rømt oppdrettsfisk. Det gjennomsnittlege innslaget av rømt oppdrettsfisk bør ligge under 5 % for å unngå for stor genetisk innblanding frå oppdrettsfisk. For meir informasjon sjå <http://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/rapport/2007/244.pdf> og <http://www.radgivende-biologer.no/images/1083.pdf>.

Laksebestandane i fylket er utsett for eit for høgt smittepress frå lakselus. I tillegg er det og påvist utvikling av resistente lakselus både mot einskilde midlar mot lakselus og multiresistente lakselus. Innslaget av rømt oppdrettsfisk i mange av bestandane er so høgt at vi kan rekne med betydelege endringar i fleire av villaksbestandane over tid. Ein auke i tal konsesjonar til fylket vil med andre ord forsterke eit allereie stort problem for villaksbestandane våre.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Konklusjon

Innslaget av rømt oppdrettsfisk er kritisk høgt i mange av vassdraga i fylket. Utvandrande laksesmolt og sjøaure kan framleis møte eit altfor høgt nivå av lakselus i ytre fjord- og kystområde. Det er svært bekymringsfullt at det også i dette fylket er påvist resistente lakselus og vi er svært uroa over at det er påvist multiresistente bestandar av lakselus i andre fylke. Dette til saman kan sjå ut til at det bærekraftige nivået for oppdrettsaktivitet allereie er overskreve for Sogn og Fjordane. Vi finn det difor lite tilrådeleg å auke talet på løyver for laksefisk før ein har betre kontroll med rømmingar, epidemiar av lakselus og resistensutvikling hos lakselus.

Med helsing



Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernsjef



Merete Farstad
rådgjevar